

Alver Kommune
Byggesak

Eikangervåg, 11.05.2020

Tilbakemelding og avslutting av sak - gbnr. 233/167

Me viser til dykkar brev av 20/02-2020 der de ber om avklaring omkring lysareal i forbindelse med tiltaket. Det har tatt noko tid å avklara dette oppi situasjonen som råder men her kjem tilbakemelding.

I utgangspunktet er vår tanke omkring dette at eit normalt vindauge også kan blendast med gardin eller ein kan plassere noko utanfor som for eksempel ved, klede til tørk eller ein parkert tilhengar. På den måte vil ikkje vindauge lengre ha lysinnslepp men det betyr ikkje at lysarealet i vindauge må sjåast vekk ifrå når ein skal berekna lysareal.

Saka har no vore utreda og vurdert basert på dykkar tolking av regelverket der ein legg til grunn at ein ikkje kan berekne lysareal av eit eventuelt glasgolv. Basert på det vert det ca 1 meter med terrasse som kan byggjast langs huset.

Estetiske og praktiske hensyn gjer at tiltakshavar ikkje ynskjer å gjennomføra tiltaket under dei føresetnadene – ein trekk difor søknaden og avsluttar saka.

Med vennlig helsing
Kålås Bygg AS



Lars Alvær Hagesæter

